

## Årsmelding 2019 Norsk ICOM

### ARBEIDSMÅL

Norsk ICOM har hatt følgende overordna arbeidsmål i 2019:

1. Styrka internasjonal deltaking gjennom å stimulere dei norske musea og tilsette til aktivt å delta i internasjonale aktivitetar og komitéarbeid.  
**Tiltak i 2019:**  
Tilby reisestøtte for deltaking i internasjonale møte  
Delta på årleg møte i ICOM NORD i april (Island)  
Delta på ICOMs General Assembly i september i Kyoto, Japan
2. Vidareutvikle arbeidet med museumsetikk.  
**Tiltak i 2019:**  
Styrke fokus på etikk gjennom kurs, foredrag og promotering av de etiske retningslinjene  
Gjennomføre konkretiseringsprosjekt for etiske retningslinjer (2019/2020)
3. Vidareføre arbeidet med Blue Shield og arbeidet mot ulovleg handel med kulturarv.  
**Tiltak i 2019:**  
Delta i arbeidet i den norske Blue Shield-komiteen. For meir info sjå under.
4. Medverke til ein generell kompetanse- og kvalitetsutvikling for både enkeltpersonar og institusjonar.  
**Tiltak i 2018:**  
Vidareutvikle kommunikasjon med medlemmene med vekt på digitale løysningar.  
Publisere reiserapportar.  
Promotere Den internasjonale museumsdagen.

### FAGLIGE REISER

Medlemmer i Norsk ICOM kan søkje om reisestøtte for å delta på faglege møte i internasjonale komitéar. I 2019 vart det prioritert reisestøtte til ICOM sin generalforsamling i Kyoto, Japan. Alle som søkte fekk støtte.

Føresetnaden for reisestøtte er at ein skriv ein kort artikkel med fagleg innhald frå konferansen, samt sender inn bilete. Etter styret si godkjenning blir rapporten som hovudregel lagt ut på Norsk ICOMs heimesider. Desse fagartiklane er viktige bidrag til deling av erfaringar og kunnskap frå dei mange fagkonferansane i ICOM. Styret set dirfor krav til dei medlemmene, som får reisestøtte om at artiklane skal vera av høg kvalitet. Alle har levert faglege reiserapportar frå Japan, som er lagt ut på heimesida til Norsk ICOM.

### **Andre internasjonale reiser**

I tillegg til fagleg reisestøtte kan medlemmer som har sentrale verv eller er president i ein internasjonal komité søkje om reisestøtte for å delta på møte i ICOMs sentrale organ.

### **ICOM NORD**

Norsk ICOM arrangerte i 2019 det årlege møtet for dei nordiske ICOM-komitéane. Det har lenge vore diskutert om dei nordiske landa skulle opprette ein allianse og få ICOM Nord godkjent som allianse i ICOM. Det var under møte mellom landa i Kyoto semje om å arbeida fram mot ei godkjenning av alliansen i 2020.

### **ETIKK**

Høsten 2018 tok ein til å førebu eit nytt etikkprosjekt, etter fleire innspel frå medlemmer. I 2019 vart konkretiseringsprosjektet starta opp i samarbeid med Norsk Museumsforbund. Arbeidet er leia av Kathrin Pabst, Liv Ramskjær og Atle Ove Martinussen. Det er oppretta 10 ekspertgrupper som har arbeidd med konkretisering, utdjuping eller supplering av ICOM sitt museumsetiske regelverk med utgangspunkt i utfordringane vi ser i Norge. Arbeidet vil bli avslutta i 2020.

### **BLUE SHIELD/ TRUET KULTURARV**

Norsk ICOM er representert i Den Norske Blue Shieldkomiteen ved Håkon Roland.

#### **Workshop, seminar og arbeidsgrupper:**

CHAC, Nordic Centre for Cultural Heritage and Armed Conflict/UNESCO Norden: *Nordisk nettverksmøte om ulovlig handel med kulturgjenstander i Norden*, Nationalmuseet, København, 7.2.2019. Innlegg «Forskning på kulturkriminalitet, norske initiativer».

KUD Nettverksgruppe for kulturkriminalitet, 26.2.2019: Temamøte om kulturkriminalitet og nordiske forskningsinitiativer. Innlegg: «Nye retninger innen forskning på kulturkriminalitetsfeltet i Norden».

Konferansedeltakelse, Stockholm Universitet, 25-26.4.2019: Investigating and Policing Antiquities Trafficking and Forgery in a Digital Age.

<https://www.helsinki.fi/en/news/language-culture/investigating-and-policing-antiquities-trafficking-and-forgery-in-a-digital-age>

HEI-Initiative, UiO: Heritage Activism and Conflict, 29.4.2019. Oppstartsmøte for arbeidsgruppen Heritage Activism and Conflict, ledet av Sam Hardy, DniR/UiO.

<https://www.hf.uio.no/english/research/strategic-research-areas/hei/research/working-groups/heritage-activism-and-conflict/>

KUD Nettverksgruppe for kulturkriminalitet, 13.6.2019: Evaluering av norsk praksis med utførselssøknader og vedtaksinstitusjoner.

Konferansedeltakelse, Aemilia, 21-23.6.2019: Association for Research into Crimes against Art (ARCA) 10th Annual Art Crime Conference.

<http://www.artcrimeresearch.org/the-amelia-conference-2019-arcas-annual-interdisciplinary-art-crime-conference/>

KUD Nettverksgruppe for kulturkriminalitet, 12.9.2019: Evaluering av Operasjon Kultursjokk og samarbeidet mellom Toll, politi og museer.

BÅÅSTEDE – Kulturens hjemkomst. Norsk folkemuseum, Kulturhistorisk museum, Samisk Museumslag, Norges museumsforbund, Norsk ICOM, De samiske museene i Norge, Oslo, 3.-4.10.2019. Innleder og leder av avsluttende paneldebatt.

<https://museumsforbundet.no/nyheter/baastede-kulturens-hjemkomst/>

Statistikk i kulturarvsektoren. Innspill fra Kulturhistorisk museum. SSB (Statistisk sentralbyrå), seminar, Oslo, 21.-22.10.2019.

NMF/ICOM Etikkprosjektet. Seminar/workshop, Oslo, 4.-5.11.2019. Leder for arbeidsgruppe om kulturkrim og repatriering, innlegg og oppsummering.

#### **Søknader og nettverk:**

COST-Action Proposal 2020: Increasing Mutual Trust and Transparency in Cultural Goods Trade (ResponsART). Maastricht University (Primary Partner). Secondary Partner. Søknad levert 5.9.2019 (svar 25.3.2020: ikke støtte, men meget god evaluering. Ny søknad 2020).

NFR Fripro og SAMKUL 2019: Re-Connect: Releasing the Research Potential of Plough-Zone Heritage, leder av WP3 (ikke støtte, ny søknad levert 20.5.2020).

#### **Utadrettet virksomhet:**

Deltagelse på HEI Initiative, oppstartsdag, UiO. Georg Sverdrups hus, 21.3.2019.

Møte i Spanias ambassade om oppfølging og sakshåndtering av repatrieringssaker, 1.4.2019.

Utforming av innspill til strategi for styrkning av innsats mot miljøkriminalitet. Innspill fra Kulturhistorisk museum, UiO til Klima- og miljødepartementet (KLD), 5.4.2019.

Riksantikvaren v/Hanna Geiran m.fl. Møte om Norges oppfølging av Europarådets Valettkonvensjon. RA, Oslo, 24.10.2019.

Politihøgskolen, Kulturhistorisk museum og Økokrim: Samarbeid om undervisningsmateriell, presentasjon og film til undervisnings/kursbruk på miljøkrimfeltet. Utforming, filmopptak (21.11) og oppfølging, november-desember 2019.

#### **SAMARBEID MED ANDRE INTERNASJONALE KOMITEER**

Norsk ICOM har eit tett og godt samarbeid med dei øvrige nordiske komitéane. I april arrangerte ICOM Island årets ICOM Nord, eit årleg møte med alle dei nordiske komitéane.

## **DEN INTERNASJONALE MUSEUMSDAGEN**

Norsk ICOM oppfordra norske museer til å markere dagen og fleire av musea følgde oppfordringa.

## **ADMINISTRATIV VIRKSOMHET**

### **Styre**

Leiar: Paal Mork

Sekretær: Stein Adler Bernhoft

Kasserar: Mimi C. Rode Wiik

Styremedlem: Kathrin Pabst og Birgitta Fossum

Varamedlemmer: Charis Gullickson og Atle Ove Martinussen

Etter årsmøtet 2019 vart det følgjande samansetjing av styret:

Leder: Kathrin Pabst (til sept 19, då Martinussen tok over som interimleiar)

Sekretær: Birgitta Fossum

Kasserer: Mimi C. Rode Wiik

Styremedlem: Charis Gullickson og Atle Ove Martinussen

Varamedlem: Håkon Reiersen og Håkon Roland

### **Medlemskap**

Ved starten av året hadde Norsk ICOM 816 medlemmer.

Individuelle medlemmer: 590

Senior/student: 143

Institusjonsmedlemmer: 83

### **Kontakt med medlemmene**

Norsk ICOM si nettside er medlemmene sin viktigaste kanal for å få informasjon om komitéen si verksemd. I tillegg til nettsida vart det sendt informasjon på e-post gjennom året.

### **Samarbeid med andre**

Norsk ICOM fekk i 2019 som tidlegare år økonomisk støtte frå Norsk Kulturråd, og har hatt fagleg samarbeid med denne institusjonen. Gjennom samarbeid i Blue Shield-komitéen har Norsk ICOM kontakt og samarbeid med søsterorganisasjonane ICOMOS (kulturminne), IFLA (bibliotek) og ICA (arkiv).

Norsk ICOM kjøper kontortenester hos Norges Museumsforbund og samarbeidde mellom anna om konkretiseringsprosjektet for etiske retningslinjer i 2019/2020. Norsk ICOM har samarbeid med NMF om museumsårsmøtet.

Kontakt og samarbeid med ICOM sitt hovudsekretariat i Paris er ein viktig del av arbeidet i Norsk ICOM, og vert ivaretatt dels av styret, dels av kontorsekretæren i Norges Museumsforbund. Vi har inntrykk av at aktivitetsnivået i Norsk ICOM, både nasjonalt og internasjonalt, blir lagt merke til og verdsett av leiing og sekretariat i ICOM.

Dei fortløpande sakene gjeld mellom anna godkjenning av nye medlemmer, utskriving av medlemskort, erstatning av tapte kort, og sjølvstakt innbetaling av kontingenten frå medlemmene, der storparten går til organisasjonen sentralt.

Atle Ove Martinussen  
Interimstyreleiar